

## **Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 11.04.2019**

**Gunda Falao Sparre (LOP)** opplyste at ho har vorte intervjua av Deloitte om samarbeidet med fylkeskommunen om TT-kort. Kontrollkomiteen er oppdragsgjevar, og rapport/referat vert utarbeida av Deloitte. Fylkeseldrerådet er sams i at samarbeidet med samferdselsavdelinga har vore godt, og at rådet har fått gjennomslag for viktige saker når det kjem til ordninga med TT-kort.

Det har kome ei ny påmelding til Vestlandskonferansen, og det er no 21 deltagarar.

Fylkeseldrerådet vil byrje arbeidet med programmet til Haustkonferansen når Vestlandskonferansen er overstått. I samband med PS 41/19 fekk likevel Gunvor R. Opedal klarsignal til å kontakte Jimmy Næs for å høre om han kan stille med kulturelt innslag første dag av Haustkonferansen.

**Monrad Reigstad (PF)** rapporterte frå to-dagars møte i Helse Bergen om temaet brukarmedverknad.

**Synnøve Solbakken (FL A/SP/SV)** løfta fram temaet pasientreiser. Fylkeseldrerådet er sams i at pasientreiser er eit tema dei vil arbeide meir med vidare.